

Rapporteringskjema

Utgangspunkt for kvalitetsdialog med opplæringskontora.

1. I fylgje opplæringslova §4-4 skal lærebedrifta utvikle intern plan for opplæring for å sikre at lærlingen/lærekandidaten får ei opplæring som er i tråd med krava i læreplanen for det aktuelle faget.

1.1. I kva grad har medlemsbedriftene i opplæringskontoret intern plan for opplæring, basert på læreplanen for faget? (Jfr bestilling i brevet)

2. I fylgje forskrift til opplæringslova § 4-5 skal lærebedrifta minst ein gong kvart halvår gjennomføre ein vurderingssamtale med lærlingen/lærekandidaten. Bedrifta skal gi ei beskrivande vurdering av kvar lærlingen/lærekandidaten står i forhold til kompetansemåla i læreplanen, og gi rettleiing om korleis lærekandidaten/lærlingen kan auke kompetansen i faget.

2.1. I kva grad og korleis kontrollerer opplæringskontoret at slike samtalar med lærlingane vert gjennomførde minimum kvart halvår i alle sine medlemsbedrifter?

2.2. I kva grad gjennomfører medlemsbedriftene halvårlege samtalar med lærling/lærekandidat? Jfr også bestilling i brevet.

3. I fylgje opplæringslova § 4-7 skal lærebedrifta ha ein intern kvalitetssikring slik at lærlingen/lærekandidaten får opplæring i samsvar med opplæringslova med forskrift. Det bør utarbeidast gode rutinar for eit slik kvalitetssikringssystem, som med fordel kan innarbeidast i bedrifta sitt eige internkontrollsystem.

3.1. Har opplæringskontoret utarbeidd system for intern kvalitetssikring?
(Dokumentasjon kan leggjast fram i møte).

4. Fylkeskommunen og opplæringskontora arrangerer kurs for faglege leiarar og instruktørar med tema som:

- Rettar og plikter
- Læreplanar i kunnskapsløftet
- Introduksjon og rettleiing
- Dokumentasjon og vurdering

4.1 I kva grad har opplæringskontoret oversikt over om medlemsbedriftene sine faglege leiarar, instruktørar og/eller andre i medlemsbedrifta har delteke på kurs i regi av opplæringskontoret, fylkeskommunen eller andre? Gjerne taloversikt.

5. Avbrot

Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring er ei viktig målsetjing (jfr Ny GIV)

5.1 I kva grad er opplæringskontoret tidleg involvert i høve saker som gjeld avbrot i sine medlemsbedrifter?

5.2. Korleis involverer opplæringskontoret fylkesdirektøren i desse sakene?

Dato:

.....

Dagleg leiar